

Å ungdom! Gjev Jesus ditt hjartans ja!

Å ungdom! Gjev Jesus ditt hjartans ja!
— Det hev han rett på frå Golgata —.
Og legg so di hand på plogen —!
Stig inn i Guds våronn i morgonljøs
med Jesus som Herre, som Ven og Los.
Då veks du til mannsverk mogen.

Å ungdom! Lat Jesus få hjarta før
all verdi smyg innom di hjartedør
og ugraset sår derinne.
Só ofte der klunger og tistel vaks
istaden for Himmelens gyllte aks
som Gud vil so gjerne finne.

Lat vindauga opp mot Jerusalem. —
Og stå so ved varden til Herren kjem.
Han ynskjer deg vaken finna. —
Med ombundi lend, og i arbeidsdrakt. —
Då vil du nok kransen vinna!

Johs. M. L. Rydland.